



ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2025 649924

Enheten

Organisasjonsnummer: 939 734 325
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: DET VESTNORSKE TEATERET AS
Forretningsadresse: Øvre Ole Bulls plass 6
5012 BERGEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Bjarte André Misje
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 24.02.2025

Revisjon

Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern
autorisert regnskapsfører: Ja

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 09.07.2025

Organisasjonsnr: 939 734 325
DET VESTNORSKE TEATERET AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	2	41 478 085	46 350 289
Annen driftsinntekt		254 925	103 705
Sum inntekter		41 733 010	46 453 994
Kostnader			
Varekostnad	3, 6	5 380 428	8 684 182
Lønnskostnad	4	19 645 088	22 960 359
Avskrivning	5	5 546 066	4 779 295
Annen driftskostnad	4, 6, 7	6 765 774	6 317 791
Sum kostnader		37 337 356	42 741 627
Driftsresultat		4 395 654	3 712 367
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringer			65 162
Annen finansinntekt		502 415	251 283
Sum finansinntekter		502 415	316 445
Annen finanskostnad		3 492 897	2 653 178
Sum finanskostnader		3 492 897	2 653 178
Netto finans		-2 990 482	-2 336 733
Ordinært resultat før skattekostnad		1 405 172	1 375 634
Ordinært resultat etter skattekostnad		1 405 172	1 375 634
Årsresultat		1 405 172	1 375 634
Overføringer og disponeringar			
Overføringer annen egenkapital	12	1 405 172	1 375 634
Sum overføringer og disponeringar		1 405 172	1 375 634

Organisasjonsnr: 939 734 325
DET VESTNORSKE TEATERET AS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2, 5, 16	66 397 433	70 356 347
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner ol	5	10 792 554	11 537 606
Sum varige driftsmiddel		77 189 987	81 893 953
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler	8	25 000	25 000
Andre fordringer	10	67 497	7 000
Sum finansielle anleggsmiddel		92 497	32 000
Sum anleggsmiddel		77 282 484	81 925 953
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer		939 401	1 205 076
Andre fordringer	9	1 660 570	1 543 615
Sum krav		2 599 971	2 748 691
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	11	9 196 779	10 411 842
Sum omløpsmiddel		11 796 750	13 160 533
SUM EIGEDELAR		89 079 234	95 086 486
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	12, 13	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital	12	5 442 881	4 037 708
Sum opptent eigenkapital		5 442 881	4 037 708

Sum egenkapital		5 542 881	4 137 708
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	4	536 414	520 197
Andre avsetninger for forpliktelser	2, 14	18 498 276	22 211 515
Sum avsetjinger for plikter		19 034 690	22 731 712
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	16	57 396 100	60 529 220
Sum anna langsiktig gjeld		57 396 100	60 529 220
Sum langsiktig gjeld		76 430 790	83 260 932
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		764 029	1 234 926
Skyldige offentlige avgifter	11	1 461 060	1 625 445
Annen kortsiktig gjeld	15	4 880 474	4 827 475
Sum kortsiktig gjeld		7 105 563	7 687 846
Sum gjeld		83 536 353	90 948 778
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		89 079 234	95 086 486

Organisasjonsnr: 939 734 325
DET VESTNORSKE TEATERET AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

Note

13

Tal på aksjar og aksjeeigarar

<u>Aksjeklasse</u>	<u>Ant. aksjar</u>	<u>Pålydande</u>	<u>Bokført verdi</u>
Ordinære lutar	400.00	250.00	100000.00
<u>Aksjeeigare - fritekst</u>	<u>Antall</u>	<u>Eigarpart</u>	<u>Aksjeklasse</u>
Vestland Fylkeskommune	240.00	60.00%	Ordinære aksjer
Vestlandske Teatersenter	80.00	20.00%	Ordinære aksjer
Vestland Fylkeskommune Ungdomslag	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
Vestland Fylkeskommune Folkeakedemi	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
Vestland Fylkeskommune Mållag	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
Voksenopplæringsforbundet	20.00	5.00%	Ordinære aksjer
<u>Sum</u>	<u>Sum antall</u>	<u>Sum eigarpart</u>	
	400.00	100.00%	

Note

4

Lønn og ytingar

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	15575897.00	18677649.00
<u>Arbeidsgivaravgift</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	2418624.00	2836954.00
<u>Pensjonskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	1265025.00	1519527.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	385543.00	-73771.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	19645089.00	22960359.00

Ytingar til dagleg leiar

Note

Ytingar til andre leiande personer

<u>Leiande person</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.plikt</u>	<u>Andre godtgj.</u>
Teatersjef / dagleg leier	1111089.00		6528.00
<u>Ytingar andre leiande pers.</u>	<u>Lønn</u>	<u>Pensj.forpl.</u>	<u>Andre godtgj.</u>
	1111089.00		6528.00

Det er kostnadsført kr 291 500 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2024. Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova. Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 30 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 1 180 607 i pensjonspremie i 2024, tilsvarande for 2023 var kr 1 475 291. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap. Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 520 197 i langsiktig plikt for å dekkja kostnaden, uendra sidan fjoråret.

Note

Ytingar til revisjon

<u>Revisjon</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	98000.00	90000.00
<u>Andre tenester</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	39562.00	35781.00
<u>Sum godtgjersle til revisor</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	137562.00	125781.00

Note

Antall årsverk i regnskapsåret

Verksemda har hatt følgjende tal på årsverk:
0.00

Note

Lån og sikkerheitsstilling til leiande personar

Er det gitt lån eller sikkerheitsstilling til leiande personar: Nei

<u>Omløpsmiddel</u>	<u>Startdato</u>	<u>Sluttdato</u>	<u>Endring</u>
---------------------	------------------	------------------	----------------

<u>Skattemessig fremf.undersk.</u>	<u>Startdato</u>	<u>Sluttdato</u>	<u>Endring</u>
------------------------------------	------------------	------------------	----------------

<u>Kortsiktig gjeld</u>	<u>Startdato</u>	<u>Sluttdato</u>	<u>Endring</u>
-------------------------	------------------	------------------	----------------

Årsrapport for 2024

Årsmelding

Årsrekneskap

- Resultatrekneskap**
- Balanse**
- Noter**

Revisjonsmelding

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2024

Det Vestnorske Teateret – visjon og samfunnsoppdrag

Det Vestnorske Teateret skal vere ein leiande arena for nynorsk scenekunst, og gjennom det styrke nynorsk kultur, identitet og språk. Teateret skal produsere kunst av høg kvalitet, for by og bygd der publikum kjenner seg heime hjå oss.

For styret og teateret er det tre strategiske hovudpunkt som er styrande for arbeidet, det er FORANKRING, RAMMEVILKÅR og VERKSEMDA.

Det Vestnorske Teateret er eit regionteater med sete i Bergen og vi meiner det er viktig at vår aktivitet har ei sterk forankring i kunstnarane, språket og kulturen frå og i vår region. Vi har den urbane kulturen og strilekulturen. Vi har det nynorske språket og dei vestnorske dialektane. Vi har eit rikt utval kunstnarar frå regionen, frå forfattarar/dramatikarar til skodespelarar, regissørar, designarar og andre.

På Det Vestnorske Teateret skal alle ha tilgang på noko dei kjenner seg att i. Vi skal satse på ulike prosjekt, som inneber mangfald i forteljingar på scena; mangfald i publikum og mangfald i aktørar/utøvarar.

For at vi skal kunne lage scenekunst til vårt publikum må vi byggje og sikre gode rammevilkår framover. Dei fleste teatera har framleis lågare publikumstilstrøyming enn dei hadde før 2020. Med færre publikummarar merkar vi meir enn nokosinne den underfinansieringa som har råka alle norske kulturinstitusjonar gjennom dei siste 10 åra. ABE-reforma har gjennom desse åra ikkje gitt full kompensasjon for lønns- og prisstiging. Styret og teateret har stor fokus på å auke eigeninntekter, samstundes som vi sikrar full kompensasjon i offentlege løyvingar.

Det Vestnorske Teateret er eit dei mindre regionteatera i Noreg. Kvart år sysselset vi mellom 20 og 25 årsverk, fordelt på mellom 25 og 30 stillingar. Styret og leiinga har fokus på at teateret skal vere ei verksemd der tilsette trivst og utviklar sin kompetanse.

2024 - Variert program med utprøving av nye genre og nye betalingskonsept

Med *POLITI!* starta Det Vestnorske Teateret ein serie på tre teaterførestillingar som skal handle om politiet i Bergen. Den første framsyninga omhandla perioden frå 1970 til 1990. Framsyninga har kome i stand i samarbeid med aktørane som var delaktige i mange av hendingane på 70-talet, og på premiera var det godt oppmøte av politiet i Bergen, slektningar av valdsforskarane og dei som sjølve var delaktige i hendingane. «Med *Politi!* riv Det Vestnorske Teateret plasteret av eit sår som ikkje vil gro» skreiv Bergensavisen i si melding om stykket. På Kvinnedagen 8. mars hadde teateret nypremiere på førestillinga *Kvinne kjenn din kropp*, ein klassikar som bygger på boka av den danske forfattaren Karen West frå 1975. Etter denne visitten attende til 70-talet vart vårsesongen avslutta med komedien *E16, Dødsvegen* som med skjemt og humor tok opp ei av dei store dagsaktuelle samferdslesakene på Vestlandet.

Eit av dei strategiske måla for Det Vestnorske Teateret er å trekke til oss eit yngre publikum. Med den første førestillinga på hausten, *Kvinna i svart*, lukkast vi langt på veg med dette. Eldre teaterbygningar er den perfekte settinga for skrekk og gru og denne førestillinga er nett det – eit skrekkteater. I tillegg til at nokre av framsyningane og var

Den Kulturelle Skulesekken, var det svært mange yngre publikummararar (opp til 25 år) som sjølv kjøpte billettane sine. Haustsesongen vart avslutta med at vi på nytt sette opp familieførestillinga *God dag herr jul*, etter Laura Djupvik sin roman. Stykket fekk særskild god mottaking blant melderane hausten 2023, og vi lova allereie den gong at denne produksjonen ville få eit lengre liv på teateret.

Det nynorske kulturprogrammet på intimsцена vår Skifte er framleis ein stor suksess. Dette er eit lågterskeltilbod der publikum får tilgang på mindre teaterframsyningar, opplesingskveldar, musikk- og debattarrangement. I 2024 har vi utvida konseptet med enno meir variert program, til dømes slampoesi og Klubb Komle som er eit konsept for tradisjonell folkemusikk og dans.

Teateret prøver ut nye betalingsformer på enkelte arrangement. Betal-det-du-kan vart først prøvd ut i Skifte, men i løpet av året vart denne ordninga også nytta på enkelte framsyningar på Hovudscenen. Erfaringane frå ordninga er gode, og vi vil halde fram med utprøvinga av desse konseptane.

Det Vestnorske Teateret har vidare nytta midlar til å få fram små produksjonar som nyttar nynorsk og som har trengt ekstra «sårkorn»-midlar for å bli realiserte. Bergen kommune har støtta mange av desse produksjonane som ein del av si nynorsksatsing. Det takkar vi for.

Konsekvensen av at løyvingane ikkje heldt tritt med pris- og lønsveksten er at det påverkar evna til å lage teaterframsyningar. Det Vestnorske Teateret har ønskt å ha ei ansvarleg og nøktern budsjettering slik at ein samstundes kunne bygge opp igjen eigenkapitalen i teateret. Det får konsekvensar for talet på produksjonar, og med det talet på publikum som får oppleve teaterframsyningar. 2024 var planlagt som eit unntak for å betre økonomien. Teateret vil satse meir offensivt dei kommande åra når ein no har sikra moglegheit for å ta risiko.

Publikumsutvikling

I 2023 besøkte nær 3,4 millionar publikummarar musikk- og scenekunstinstitusjonar i Noreg med offentleg tilskott. Av desse var 941 000 festivalbesøkande. Samla sett auka besøket med 7 prosent frå 2022, men besøket er samstundes 12 prosent lågare enn i 2019. Publikum som nyttar seg av tilbodet på institusjonar med offentleg tilskott er jamt over eldre, gjerne med eit snitt på 55+. Det er òg ei overvekt av kvinner, særleg på dei som kjøpte billett. Som nemnd over har vi peika ut eit yngre publikum som ei av dei viktige nye målgruppene våre. For å nå grupper som er underrepresenterte, må vi satse på medviten programmering og marknadsføring. Dette jobbar Det Vestnorske Teateret med kontinuerleg, både som enkeltinstitusjon, men òg i samarbeid med andre institusjonar gjennom organisasjonen Norsk Publikumsutvikling.

Frå 2023 til 2024 har vi hatt ein nedgang på 27 % i det totale publikumstalet. Det skuldast i hovudsak nedgang i talet på arrangement (minus 33,5% - 113 færre enn året før). Det er samstundes gledeleg at vi har auka talet på arrangement i programflata vår Skifte. For teateret er dette tilbodet ein inngangsbillett til å auke interessa for huset, særleg blant eit yngre publikum.

Talet på publikum og arrangement går elles fram av tabellen under,

Tabell: Tal publikum og tal arrangement 2024

	2024	2023
Publikum på eigen scene	15 099	22 557
Turné	180	416
Samarbeidsproduksjon vist på anna scene inkl. turné	1 173	1 478
Gjestespel mottatt	2 189	1 050
Sum publikum	18 641	25 501
Av dette – barn og unge	3 193	7 186
Av dette - publikum i programflata Skifte (intimscena)	2 828	1 262
Tal arrangement Skifte	72	41
Av dette - formidlingsaktivitet	1 128	609
Tal arrangement formidling	22	16
Beleggsprosent	63%	65%
Totalt tal arrangement	224	337

Organisasjon og medarbeidarar

2024 var det første heile året for vår nye teatersjef Thomas Bye. I tillegg til årets produksjonar har det kunstnarlege teamet jobba tett med programmeringa for kommande år. Det er etablert samarbeid med andre teater, og det skal prøvast ut nye speleplassar og nye måtar å møte publikum på. Vi har óg fått nytta den nye scena vår, Scene 2, og ser at den er godt tenleg for fleire typar av arrangement.

Teateret har hatt noko utskifting i teknisk og administrativ stab i løpet av året, men det totale talet på fast tilsette er det same som i 2023. Som følgje av færre produksjonar og meir nøkterne kostnadar per produksjon, er talet på skodespelarårsverk 3 færre enn i 2023.

Teateret har fortsett med ein kombinasjon av stykkkontraktar og periodekontraktar for alle skodespelarane. Ingen er tilsett for meir enn eitt år. Dei mellombelse kontraktane er i tråd med den tariffavtala som er inngått med Norsk Skuespillerforbund.

Styret og teatersjef vurderer arbeidsmiljøet ved teateret som godt. Det har vore 38 dagar langtidssjukefråvær blant dei tilsette, mot 0 dagar i 2023. Det totale sjukefråværet enda på 1,4 %, som er litt opp frå 1,1% i 2023. Det er meldt 1 skade i løpet av året som trong tilsyn ved legevakta. Det er loggført tiltak i høve til det som var årsak til skade, og skadane førte ikkje til fråvær i ettertid.

Nytt sceneteknisk utstyr på hovudscena har eliminert det meste av arbeid i høgda. Teateret har kjøpt inn ny lift som skal føre til ytterlegare tryggleik ved omrigg og justeringar i teaterproduksjonane. Styret legg vekt på at det skal vere eit godt, og produktivt arbeidsmiljø ved teateret. Omsynet til at teateret skal vere ein trygg arbeidsplass er ei prioritert oppgåve, og dette har framleis ein stor plass i teateret sitt HMS-arbeid i 2024.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe er redusert noko og består no av to kvinner og fire menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga. Teateret følgjer tariff-føresegnene i bransjen og har fokus på at det ligg til grunn eit likelønsprinsipp for tilsette med lik kompetanse og stillingsomtale.

Styret vil særleg takke dei tilsette for innsatsen i 2024, både dei faste og dei på engasjement. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Det Vestnorske Teateret har hatt i 2024 og meiner at vi kan sjå fram mot eit fruktbart og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi (alle tal i parentes er 2023)

Grunnløyvinga frå Staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune var kr. 34 263 845 (kr. 34 419 000 i 2023). Årsaka til lågare løyvingar i 2024 er tildeling og bruk av ekstraordinære midlar i 2023.

Del av dei årlege løyvingane som er nytta til ombygginga av teateret, kr. 4 800 000, vert no ført direkte inn i resultatrekneskapen. I tillegg er det inntektsført kr. 3 713 239 frå tidlegare balanseførte avsetningar til prosjektet. Styret legg til grunn ei langsiktig vurdering av rentemarknaden, og vel å ikkje laste årsrekneskapen fullt ut med den noverande høge rentenivået som etter mange sine vurderingar vil bli lågare om ein ser nokre år fram i tid. Skilnaden i årskostnad vert henta frå dei balanseførte avsettingane. Dette er gjort ut frå ei forventning om eit noko fallande rentemarknad i løpet av 2 – 3 år.

Eigne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar vart kr. 4 029 195 (kr. 8 217 540). Tilskott og eigne inntekter summerte seg med det opp til kr. 41 733 010 mot kr. 46 453 994 i 2023. Driftskostnadane gjekk ned til kr. 37 337 356 mot kr. 42 741 627 i 2023. Netto finanskostnadar utgjorde kr. 2 990 482 (kr. 2 336 733). Resultatet etter finansinntekter og kostnadar er med det eit overskot på kr. 1 405 172 mot eit overskot på kr. 1 375 634 i 2023.

Det er i 2024 totalt investert kr. 842 101 (kr. 12 167 761). Av desse var kr. 388 509,- knytt til byggeprosjektet. Teateret investerer også årleg i den teatertekniske utstyrsparken. Kr. 453 592 (kr. 176 437) vart brukt til dette i 2024, mellom anna til lys, høgtalarar og lift.

Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjer kr. 8 423 097 (kr. 9 536 808) per 31.12.2024 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen.

Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret er tilfredsstillande. Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon, og resultat. Styret rår til at overskotet vert tilført eigenkapital som med det vert auka til kr. 5 542 881 frå kr. 4 137 708. Styret har hatt som mål å styrke eigenkapitalen og dette arbeidet vil halde fram dei næraste åra.

I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. I august 2022 vart teateret sertifisert som Miljøfyrtårn og kan dermed dokumentere at strenge kriteria innan innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp og arbeidsmiljø er tilfredsstilt.

Det meste av den daglege drifta har blitt analysert og dei tilsette på dei ulike avdelingane har måtte bidra til å bli betre på berekraft og miljø. Det skjer ved å ta gode val for utvikling av ei teaterframsyning ved å ikkje bruke forureinande materiale, men heller kunne gjere ombruk av materiale, scenografielement og kostyme. Tilsette har også fått større ansvar for å sortere avfall betre og teateret har fokus på å gjere innkjøps- og reiserutinane grønar. Teateret skal via sertifiseringa årleg rapportere inn ein klimarekneskap som forpliktar teateret å få ned miljøavtrykket på alle område.

Det Vestnorske Teateret er med i dei ulike initiativa som bransjen no prøvar ut, både Green Producers Tool og Theatre Green Book. Målet er å få ned fotavtrykket for kvar produksjon ved å måle ressursbruken i detalj og foreta gjennomtenkte val i materiale, ombruk av scenografi, kostymar, etc. Det er nedsett arbeidsgrupper som skal arbeide med dette utover i 2025.

BERGEN, DEN 31.12.24/24.02.25
STYRET FOR DET VESTNORSKE TEATERET AS


AUDUN HASTI
STYRELEIAR


PEDER LOFNES HAUGE
NESTLEIAR


MONA FØGLI
STYREMEDLEM


ANITA GARLID JOHANNESSEN
STYREMEDLEM


KÅRE MARTIN KLEPPE
STYREMEDLEM


SOLFRID GLESNES
STYREMEDLEM


THOMAS BYE
TEATERSJEF/DAGLEG LEIAR

Det Vestnorske Teateret AS

Resultatrekneskap

	Note	2024	2023
Driftsresultat			
Salsinntekt	2	41 478 085	46 350 289
Anna driftsinntekt		<u>254 925</u>	<u>103 705</u>
Sum driftsinntekter		<u>41 733 010</u>	<u>46 453 994</u>
Driftskostnader			
Prosjekt- og produksjonskostnader	3, 6	5 380 428	8 684 182
Lønnskostnad	4	19 645 088	22 960 359
Avskrivning	5	5 546 066	4 779 295
Annan driftskostnad	4, 6, 7	<u>6 765 774</u>	<u>6 317 791</u>
Sum driftskostnader		<u>37 337 356</u>	<u>42 741 627</u>
Driftsresultat		<u>4 395 654</u>	<u>3 712 367</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringar		0	65 162
Anna finansinntekt		502 415	251 283
Annan finanskostnad		<u>3 492 897</u>	<u>2 653 178</u>
Netto finans		<u>-2 990 482</u>	<u>-2 336 733</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>1 405 172</u>	<u>1 375 634</u>
Årsresultat		<u>1 405 172</u>	<u>1 375 634</u>
Overføringer og disponeringar			
Overføring til annan eigenkapital	12	<u>1 405 172</u>	<u>1 375 634</u>

Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapen for 2024

Anleggsmidler

Varige driftsmiddel

Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2, 5, 16	66 397 433	70 356 347
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande.	5	<u>10 792 554</u>	<u>11 537 606</u>
Sum varige driftsmiddel		<u>77 189 987</u>	<u>81 893 953</u>

Finansielle anleggsmidler

Investeringar i aksjar og partar	8	25 000	25 000
Andre krav	10	<u>67 497</u>	<u>7 000</u>
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>92 497</u>	<u>32 000</u>

Sum anleggsmiddel		<u>77 282 484</u>	<u>81 925 953</u>
-------------------	--	-------------------	-------------------

Omløpsmidlar

Krav

Kundekrav		939 401	1 205 076
Andre krav	9	<u>1 660 570</u>	<u>1 543 615</u>
Sum krav		<u>2 599 971</u>	<u>2 748 691</u>

Bankinnskott, kontantar og liknande	11	<u>9 196 779</u>	<u>10 411 842</u>
-------------------------------------	----	------------------	-------------------

Sum omløpsmidlar		<u>11 796 750</u>	<u>13 160 533</u>
------------------	--	-------------------	-------------------

Sum egedelar		<u>89 079 234</u>	<u>95 086 486</u>
--------------	--	-------------------	-------------------

Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapen for 2024


Eigenkapital


<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital	12, 13	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	17	5 442 881	4 037 708
Sum opptent eigenkapital		5 442 881	4 037 708
Sum eigenkapital		5 542 881	4 137 708

Gjeld


<i>Avsetjingar for plikter</i>			
Pensjonsplikter	4	536 414	520 197
Andre avsetjingar for plikter	2, 14	18 498 276	22 211 515
Sum avsetjingar til plikter		19 034 690	22 731 712
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	16	57 396 100	60 529 220
Sum anna langsiktig gjeld		57 396 100	60 529 220
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		764 029	1 234 926
Skyldige offentlege avgifter	11	1 461 060	1 625 445
Anna kortsiktig gjeld	15	4 880 474	4 827 475
Sum kortsiktig gjeld		7 105 563	7 687 846
Sum gjeld		83 536 353	90 948 778
Sum eigenkapital og gjeld		89 079 234	95 086 486

31. desember 2024
Bergen, 24. februar 2025


Kåre Martin Kleppe
Styremedlem


Audun Løy Hasti
Styreleiar


Peder Lofnes Hauge
Nestleiar


Mona Høgl
Styremedlem


Solfrid Glesnes
Tilsette sin representant


Anita Garlid Johannessen
Styremedlem


Thomas Bye
Dagleg leiar

Noter til rekneskapen for 2024

Note 1 - Regnskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovas føresegner og god rekneskapsskikk for små foretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyt seg til framtidige ytingar vert balanseført som uopptent inntekt ved salet, og vert etter det inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatførast samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, og dessutan postar som knyt seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivas planmessig. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurdert som omløpsmiddel) vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivas over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løypande under driftskostnader, medan påkostnader eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivas i takt med driftsmiddelet. Om gjenvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskriving til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av dei framtidige kontantstrømmane som eigneluten vil generera.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatførast løypande i høve til god rekneskapsskikk for små foretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Noter til rekneskapen for 2024*Skattar*

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan nyttiggjerast.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og for skyldnadar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Note 2 - Inntekter og tilskot

	2024	2023
Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	34 263 845	34 419 000
Periodisert investeringstilskot, i samsvar med styrevedtak	0	0
Overførte midlar til/frå føregåande år	-273 269	1 750 682
Inntektsført periodisert tilskot, bygg tatt i bruk	3 713 239	2 066 772
Sum inntektsførte offentlege tilskot	37 703 815	38 236 454
Sal av mat og drikke		0
Billettinntekter	3 620 270	6 217 900
Andre tilskot og refusjonar	154 000	1 895 935
Andre inntekter	254 925	103 705
Sum driftsinntekter	4 029 195	8 217 540
Sum inntekter	41 733 010	46 453 994
Tilskot frå staten v/ Kulturdepartementet	22 830 000	22 720 000
Tilskot, Vestland Fylkeskommune / Bergen Kommune	11 433 845	11 699 000
Periodisert investeringstilskot, i samsvar med styrevedtak	0	0
Overførte midlar til 2023 / 2024	0	0
sum, brutto	34 263 845	34 419 000

Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	34 263 845	34 419 000
Overførte midlar frå 2023/2021	124 562	1 875 244
Overførte midlar til 2024/2023	-397 831	-124 562
Inntektsført periodisert tilskot, bygg tatt i bruk	3 713 239	2 066 772
Sum inntektsførte offentlege tilskot	37 703 815	38 236 454

Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapen for 2024

Note 3 - Prosjekt- og produksjonskostnader

Prosjekt- og produksjonskostnader, spesifikasjon	2024	2023
Billettavgift	107 075	155 528
Scenografi, kostyme, rekvisita	414 146	1 020 520
Teknisk utstyr	141 513	251 250
Marknadsføring og turnekostnad	1 665 583	2 728 211
Kunstnarlege/tekniske honorar	2 473 714	4 019 459
Anna prosjektkostnad	578 397	509 214
Periodisert prosjektkostnad	0	0
Sum prosjekt- og produksjonskostnader	<u>5 380 428</u>	<u>8 684 181</u>

Note 4 - Lønnskostnader, tal tilsette, lån til tilsette og godtgjersle til revisor

Lønnskostnader	2024	2023
Lønningar	15 575 897	18 677 649
Arbeidsgivaravgift	2 418 624	2 836 954
Pensjonskostnader	1 265 025	1 519 527
Andre ytingar	277 635	224 970
Periodiserte lønnskostnader	<u>107 908</u>	<u>298 741</u>
Sum	<u>19 645 089</u>	<u>22 960 359</u>

Gjennomsnittleg tal årsverk	20	25
-----------------------------	----	----

Ytingar til leiande personar

	Løn	Andre godtgjersler
Teatersjef / dagleg leiar	1 111 089	6 528

Det er kostnadsført kr 291 500 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2024.

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 30 personar. Årets pensjonspremie resultatførast løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 1 180 607 i pensjonspremie i 2024, tilsvarende for 2023 var kr 1 475 291. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Pliktane er dekt gjennom eit forsikringsselskap.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (ein tilsett) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 536 414 i langsiktig plikt for å dekkja kostnaden, uendra sidan fjoråret.

Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapen for 2024

Godtgjersle til revisor er fordelt slik:

	2024	2023
Revisjon	98 000	90 000
Andre tenester	39 562	35 781

Meirverdiavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

Note 5 - Varige driftsmidler

	Nybygg, aktiverte kostnader	Ombygging, aktiverte kostnader	Teatersal, utrustning	Scene- og lydutstyr	Driftslausøyre, inventar, transportmidlar verktøy mm.	Sum
Anskaffingskost 01.01.	58 063 556	18 855 860	752 439	13 248 367	1 470 514	92 390 736
Tilgang kjøpte driftsmidler	17 046	0	0	520 474	304 580	842 100
Anskaffingskost 31.12.	58 080 602	18 855 860	752 439	13 768 841	1 775 094	93 232 836
Akk.avskrivning 31.12.	-6 675 972	-3 863 057	-274 095	-4 326 608	-903 117	-16 042 849
Balanseført pr. 31.12.	51 404 630	14 992 803	478 344	9 442 233	871 977	77 189 987
Årets avskrivningar	-2 909 170	-1 066 789	-37 764	-1 315 657	-216 685	-5 546 065
Økonomisk levetid Avskrivningsplan	10-22år Lineær	10-22år Lineær	10-22år Lineær	7 år Lineær	3-7 år Lineær	

Det ble i 2019 gitt løyve til oppføring av bygg i samsvar med planar. Prosjekteringskostnader og teknisk bistand med planarbeidet er balansert som anlegg under utføring. Størsteparten av anlegget er teken i bruk og avskrivningar er berekna for dei kostnadane som er aktiverte og tatt i bruk.

Note 6 - Driftskostnader

Anna driftskostnad, spesifikasjon	2024	2023
Reisekostnader	180 412	341 045
IKT kostnader	381 997	369 722
Inventar og utstyr	69 677	16 195
Leige maskiner	36 324	47 657
Driftsmateriale og teknisk utstyr	335 761	206 676
Kontorrekvisita	16 652	21 656
Aviser og tidsskrift	39 520	41 502
Internett, media	43 188	45 488
Kontingenter	310 652	301 380
Marknadsføring	432 353	241 078
Representasjon	1 600	506
Leige lokalar, reinhald og renovasjon	3 688 854	3 554 296
Straumkostnader	443 865	568 725
Honorar, juridisk	0	0
Andre honorar	137 563	139 761
Bilkostnader	93 746	93 149
Anna driftskostnad	<u>553 611</u>	<u>328 956</u>
Sum	<u>6 765 773</u>	<u>6 317 791</u>

Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapen for 2024

Note 7 - Leigeavtaler

	2024	2023
<i>Selskapet har følgende lokalar:</i>		
Leige lokale	3 169 682	3 037 321

Selskapet har avtale for leige av lokale som strekkjer seg over 20 år, med rett til forlenging etter utløpet til kontrakten. Noverande leigeavtale strekkjer seg fram til 30.06.2038, med rett til ytterlegare forlenging med 10 år.

Note 8 - Aksjar og andelar i andre selskap

Selskap	Anskaff.kost	Bokført verdi
Kultur Vest AS	25 000	25 000

I 2010 blei det investert kr 25 000 i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

Note 9 - Andre krav

	2024	2023
Framtidige framsyningskostnadar	1 473 995	1 227 639
Andre periodiseringar	186 575	315 976
Sum	<u>1 660 570</u>	<u>1 543 615</u>

Framtidige framsyningskostnadar og forskottsbetalte inntekter er presentert netto, sjå og note 12.

Note 10 - Fordringar og gjeld

	2024	2023
<i>Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år</i>		
Gjeld til kredittinstitusjonar	-57 396 100	-60 529 220

Lånet har vore avdragsfritt fram til 01.01.2023. Nedbetaling av lån skal gjennomførast med like avdrag fordelt over 22 år fram til 31.12.2042.

Note 11 - Bankinnskott

	2024
Bundne skattetrekksmidler utgjer	773 682

Note 12 - Eigenkapital

	Ordinære lutar	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.	100 000	4 037 708	4 137 708
Eigenkapital 01.01.	100 000	4 037 708	4 137 708
Årsresultat	0	1 405 172	1 405 172
Eigenkapital 31.12.	100 000	5 442 880	5 542 880

Det Vestnorske Teateret AS

Noter til rekneskapen for 2024

Note 13 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen består av:

	Tal	Pålydande	Balanseført
Ordinære lutar	400	250	100 000

Oversikt over aksjonærane i selskapet pr. 31.12:

	Ordinære aksjar	Eigar- andel	Stemme- andel
Vestland Fylkeskommune	240	60 %	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %	20 %
Vestland Fylkeskommune Ungdomslag	20	5 %	5 %
Vestland Fylkeskommune Folkeakademi	20	5 %	5 %
Vestland Fylkeskommune Mållag	20	5 %	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %	5 %
Sum	400	100 %	100 %

Note 14 - Avsetning for pliktar

	2024	2023
Periodisert tilskot frå stat og kommune	18 498 276	22 211 515

Driftstilskot omfattar periodisert tilskott frå stat og kommune og resultatføres samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskriven.

Note 15 - Anna kortsiktig gjeld

	2024	2023
Framtidige framsyningskostnadar og forskotsbetalte inntekter	1 397 831	1 124 562
Påløpt ferieløn	1 648 197	2 002 683
Anna påløpt kostnad	1 364 261	1 417 775
Tilskot overført til 2025, utsette framsyningar	344 080	78 460
Ansvar unyttta billetter	126 105	203 996
Sum	4 880 474	4 827 476

Note 16 - Pant og garantiar

Vestland Fylkeskommune har stillet offentleg kausjonserklæring på kr 77 000 000 i forbindelse med finansiering av byggeprosjektet i Logen.

Note 17 - Skatt

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd. Skatteplikta gjeld overskot frå drift av bar. Utsett skattefordel er ikkje balanseført i tråd med god rekneskapsskikk for små føretak.

Til generalforsamlinga i Det Vestnorske Teateret AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Det Vestnorske Teateret AS som viser eit overskot på kr 1 405 172. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale forhold ved revisjonen

Sentrale forhold ved revisjonen er dei forhold vi meiner var av størst tyding ved revisjonen av årsrekneskapen for 2024. Desse forholda vart handterte ved revisjonens utførelse og då vi danna meininga vår om årsrekneskapen som heilskap. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse forholda.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.


Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 24. februar 2025

Forum Revisjon AS


Eirik Hordvik
statsautorisert revisor